

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
033/2014	Formannskapet i Radøy	PS	15.05.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/276	

### Kommuneplan for Radøy - revisjon - Planprogram - handsaming i styringsgruppa for høyring og offentleg ettersyn

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert med dette varsla om oppstart av planarbeid for delrevisjon av kommuneplan. Samtidig vert framlegg til planprogram sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedtaket er i tråd med planstrategi for Radøy kommune 2012-2016.  
Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 4-1 jf 11-13.

#### Formannskapet i Radøy - 033/2014

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen. Rådmannen orienterte om planarbeidet, og understreka at det no handlar om delrevisjon av arealdelen i kommuneplanen. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltaking, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og behov for utgreiing.

Tema i delrevisjon av planen er i hovudsak føresegner og forskrifter, kulturminne-aspektet, tiltak i LNF-område og funksjonell strandsone.

##### På vegne av Venstre, Høgre og FrP kom Frode Hervik (V) med følgjande framlegg til vedtak:

Det vert opna opp for å revidere eksisterande bustadareal som lenge har stått urørt, samt opne for å ta inn nye bustadområde og næringsområde i revideringa av kommuneplanen. Det er ynskjeleg å få lagt inn 1-2 nye bustadområder på Manger, 1 på Sletta og 1 i Sæbø. Nye bustadområde på Bø vert handsama i områdeplanen for Bø. Ein må kvalitetssikre at nye prosjekt vert gjennomført.

Rådmannen gav klart uttrykk for at framlegget inneber ei betydeleg utviding av planrevisjonen enn administrasjonen har lagt opp til. Han ba om utsetjing av saka for å få utgreidd tidsplan, framdrift og ressursbruk ut frå dei signal som kom fram i møtet.

Formannskapet vedtok å utsetja saka om planprogram for delrevisjon av kommuneplanen, og at rådmannen kjem tilbake med ei vidare utgreiing utfrå dei signal i formannskapet.

##### **FS - vedtak:**

Saka vert utsett. Rådmannen kjem tilbake til formannskapet med ei vidare utgreiing utfrå dei signal

som kom fram i formannskapet.

**Saksopplysingar:**

Formannskapet i Radøy kommune fatta i møte 12. september 2013 vedtak om å starte opp delrevisjon av kommuneplanen. Formelt oppstartsvarsel skal innehalde framlegg til planprogram.

**Vurdering**

Eit planprogram skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltaking, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og behov for utgreiing.

Vedlagt finn de framlegg til planprogram for delrevisjon av kommuneplan for Radøy. Rådmannen vurderer framlegget slik at det støtter lova sine krav og at det føl opp intensjonane gjeve av formannskapet som styringsgruppe for planarbeidet.

Det er ein delrevisjon av kommuneplanen sin arealdel me startar opp og rådmannen har i framlegg til planprogram satt fokus på kva tema som skal takast opp til revisjon.

**Prosess**

Planprogrammet skal sendast ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn med frist på minimum 6 veker for merknadar og innspel.

Etter høyring skal planframlegget fastsetjast av kommunestyret.

**Konklusjon**

Oppstart av planarbeidet er i tråd med planstrategi for Radøy kommune og tidlegare vedtak fatta av formannskapet om oppstart.

**Vedlegg:**

Radøy kp revisjon\_planprogram\_2014\_framlegg